

Niklos K. Besteland  
 Setesdalsvegen 3050  
 4748 Rysstad  
 Setesdal  
 Mobil: 48229353


Besteland, den 14. 8. 2018.

Lindås Kommune  
 Kulturavdelinga  
5955 Lindås

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
17 AUG 2018	
Ark. saksnr. <b>14339</b>	Lepentr.
Saksh.	Tilgangskode

Eg har gjennom Sigbjørn Apeland ved Arne Björndal si folke-musikk-samling ved Universitetet i Bergen, fått opplysninger om at spelemannen og folkemusikk-samlaren Arne Björndal vart fødd i 1882 i Hosanger, no Lindås Kommune. Eg sender difor kopi av 2 artiklar som Arne Björndal skriva i "Norsk Årbok" som utkom i åra 1920-1939, med mykje svært interessant stoff, altså bl. a. desse artiklane som er vedlagt. Eg vonar at desse vil ha interesse, kanskje spesielt for Biblioteket i dykkar kommune.

Arne Björndal var også ein kjend spelemann i Setesdal, og eg meiner at min morfar, spelemannen Andres K. Rysstad (1893-1984) har fortalt meg at Arne Björndal var på ein kappleik her i dalen på 1930-talet og at han hadde treft han ved dette hövet. Min slektning på farssida, Gunnar Stubseid, også kjend spelemann og m. a. rektor ved Bull-Akademiet på Voss, var i i si studietid ved Univ. i Bergen på 1970-talet ein periode ved Arne Björndals si samling der. Stubseid lånte meg også boka til A. B., som eg las med interesse om denne store folkemusikk-pioneren innan folke-musikken på Vestlandet. Landsdelen kan med rette vera stolte av han. Vonar med at artiklane vil få mange leserar.

Med venleg helsing  
  
 Niklos K. Besteland